


Sigrun Dale, Modalen 12,
5729 Modalen
Telef. 94 14 69 55



Til Hordaland Fylkeskommune,
Kultur- og idrettsavdelinga,
Pb 7900,
5020 Bergen

Løe på gnr 76 brn 4 Mo- Modalen kommune. Utbetaling av tilskot til vern og vøl av kulturminne 2014.

Viser til dykkar vedtak i møte 09.04.14 sak 50/14 om tildeling av tilskot kr. 20.000.-

Arbeidet det vart søkt om midlar til er no utført. På fjøsdelen er skiferhellene tatt av, rotne sperr og bygningsdelar er skifta heilt eller delvis, det er lagt nytt sutak (plater) og skiferhellene er spikra på att. Det meste av skifersteinen kunne brukast om att. Taket er ikkje isolert, det var med i kostnadsoverslaget, men av praktiske grunnar er ikkje dette gjort enno, då det utvendige arbeidet måtte prioriterast først.

På låvetaket er den gamle betongsteinen fjerna, det er lagt på vindsperrereduk og stålplater. Her er også dårlege bygningsdeler skifta eller reparert.

Utvendig er også ein god del dårleg kledning skifta ut, vindaugo er mala og kitta. Dei dårlegaste vindaugo skal erstattast med nye.

Utvendig arbeid med løa er altså for det meste ferdig, bygget er tett og ein kan ta fatt på innvendig arbeid, dvs. isolering av tak i fjøset, støype nytt golv m.m. Det er tenkt gjort i 2015.

Eg legg ved rekningar over utført arbeid og materialkostnad. Har for det meste brukt eigne materialar til kledning, lekter og rekker og utskifting av bygningsdeler.

Så langt blei arbeidet med taka rimelegare enn kostnadsoverslaget. Mykje avdi det meste av skiferen kunne brukast om att, og avdi isolering ikkje er gjort.

Utbetaling av tilskot til konto 0532 8890196 Sigrun Dale. På førehand takk!

Modalen 10.11.14

Sigrun Dale
Helsing Sigrun Dale

Vedlegg:

1.Rekneskap

2.A/S Betongindustri : 2 rekningar

3.Sigmund Vikane: 3 rekningar

4.Terje Øvre-Helland: Rekning hogging av tømmer

5.Henning Skuggedal: Skjering av tømmer

6.Modalen kommune: Leige av lift

7.Rekning maling

8.Foto